

KOMMISJONSDIREKTIV 98/39/EF

av 5. juni 1998

om tilpassing til den tekniske utviklinga av rådsdirektiv 75/321/EØF om styreinnretningar for jordbruks- og skogbrukstraktorar med hjul(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESKAPA HAR —

Artikkel 2

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 75/321/EØF av 20. mai 1975 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om styreinnretningar for jordbruks- og skogbrukstraktorar med hjul⁽¹⁾, sist endra ved europaparlaments- og rådsdirektiv 97/54/EF⁽²⁾, særleg artikkel 4, og

ut frå desse synsmåtane:

Motorhavari bør no reknast som mogleg årsak til svikt i den spesielle hjelpeinnretninga, noko som kan føre til at styringa vert blokkert.

Direktiv 75/321/EØF bør difor endrast.

Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet for tilpassing til den tekniske utviklinga som er oppnemnt i medhald av direktiv 74/150/EØF⁽³⁾, sist endra ved direktiv 97/54/EF —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

I vedlegget til direktiv 75/321/EØF skal første punktet i nr. 2.2.4.1.2 lyde:

«Dersom traktoren er utstyrt med fremmedkraftstyring som definert i nr. 1.2.1.3 og denne har fullt ut hydraulisk styreoverføring, skal det ved hjelp av en ekstra spesialinnretning være mulig å utføre de to manøvrene angitt i nr. 2.2.1.3 selv om hjelpekraftstyringen eller motoren svikter.»

1. Frå 1. mai 1999 kan medlemsstatane ikkje
 - nekte, med omsyn til ein traktortype, å gje EF-typegodkjenning, å utferde det dokumentet som er nemnt i artikkel 10 nr. 1 tredje strekpunktet i direktiv 74/150/EØF, eller å gje nasjonal typegodkjenning eller

— forby ibruktaking av traktorar

dersom traktorane stettar krava i direktiv 75/321/EØF, slik det er endra ved dette direktivet.

2. Frå 1. oktober 1999 kan medlemsstatane
 - ikkje lenger utferde det dokumentet som er nemnt i artikkel 10 nr. 1 tredje strekpunktet i direktiv 74/150/EØF, for ein traktortype som ikkje stettar krava i direktiv 75/321/EØF, slik det er endra ved dette direktivet,
 - nekte å gje nasjonal typegodkjenning til ein traktortype som ikkje stettar krava i direktiv 75/321/EØF, slik det er endra ved dette direktivet.

Artikkel 3

1. Medlemsstatane skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, innan 30. april 1999. Dei skal straks melde frå til Kommissjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommissjonen teksta til dei viktigaste internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 170 av 16.6.1998, s. 15, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 46/1999 av 30. april 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(¹) TEF L 147 av 9.6.1975, s. 24.

(²) TEF L 277 av 10.10.1997, s. 24.

(³) TEF L 84 av 28.3.1974, s. 10.

Artikkel 4

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Artikkel 5

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 5. juni 1998.

For Kommisjonen

Martin BANGEMANN

Medlem av Kommisjonen
